



HØYRINGSSVAR: BEVARINGSSTRATEGI FOR BYGDER OG BYAR SINE KULTURMILJØ

Noregs Ungdomslag (NU) viser til høyring for bevaringsstrategi for bygder og byar, med høyringsfrist 13. juni 2025.

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon med føremål om å skape engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar. Organisasjonen vart stifta i 1896, og vi har i dag om lag 14 000 medlemmar og vel 310 lokallag rundt om i heile landet. I 2022 fekk NU status som akkreditert ikkje-statleg organisasjon i UNESCO sitt arbeid med immateriell kulturarv. Dette stadfestar den sentrale rolla våre lokallag spelar i å føre vidare levande tradisjonar som dans, musikk, teater og handverk. Dei er hjarteslaga i lokalmiljøa og lyfter kulturarven vår inn i framtida.

Ein av dei viktigaste berebjelkane i dette arbeidet er Huset i Bygda. Med over 5 000 organisasjonseide kulturhus er Noregs Ungdomslag ein sentral kraft i arbeidet for å bevare og utvikle desse unike kulturarenaene. Dette er hus med høge arkitektoniske kvalitetar, men òg bygg som berer med seg historia om demokratiseringsprosessar, målrørsla, avhaldsaken og frivillig kulturarbeid. Mange av desse husa er ikkje kartlagte, og verdifull kulturarv står i fare for å forsvinne om dei ikkje vert tatt vare på

Noregs Ungdomslag er òg part i Riksantikvaren sin frivilligstrategi, med interesse- og sektorinteresser innafor kulturmiljøfeltet.

Noregs Ungdomslag vil gje Riksantikvaren honnør for godt gjennomført prosess, med brei deltaking frå både offentleg, privat og frivillig sektor. Vi har likevel nokre kommentarar til strategien slik den ligg føre.

Oppbygging

Høyringsutkastet er teksttungt og det er fare for at sentrale poeng i strategien druknar i teksten. For å synleggjere t.d. kulturmiljøplanar og kommunane sitt ansvar, kan bruk av tekstboksar vere eit godt verkemiddel. Døme på dette er avsnitt om kulturmiljøplanar og communal forvalting. Her kunne med fordel siste del av avsnittet stått i eiga tekstboks.

«Det er viktig at intensjonene i kulturmiljøplanene ivaretas både gjennom arealplanlegging og i den daglige arealforvaltningen, ellers ser man raskt at det lokale særpreget svekkes og kvaliteten forringes.»

Økonomiske verkemiddel

Denne delen av strategien bør etter vårt syn delast opp i økonomiske verkemiddel retta mot offentleg forvalting og økonomiske verkemiddel retta mot private og lag og organisasjonar. På denne måten er det enklare å få oversikt over strategien, samt at dei store forskjellane i rammevilkår kjem betre fram.

Når det gjeld tilskotsordningar som er relevant for private eigalar og lag og organisasjonar saknar vi fleire aktuelle tilskotsordningar. Mange av dei økonomiske verkemidlane som er nemnt i strategien er i stor grad mynta på offentleg forvalting og ikkje private eigalar og lag



og organisasjonar som er viktig del av strategien. Dette kan verke framandgjerande og motverke formålet med strategien, om formålet er å inspirere og etablere til godt samarbeid mellom relevante frivillige og private aktørar.

I tillegg bør strategien vere meir spesifikk med kva tilskotsordningar Riksantikvaren og fylkeskommunane disponerer. For freda bygg og anlegg er post 71 ei viktig ordning. Verdiskapingsprogrammet, og tilskot til tette trehusmiljø er og relevant. Fleire av fylkeskommunane har òg eigne tilskotsordningar til verneverdige bygg og anlegg. Truleg bør Enova og nemnast. Kulturdirektoratet har og støtteordningar som kan vere relevante. I tillegg er Kulturdirektoratet ansvarleg for oppfølging av immateriell kulturarv og Unesco.

Når det gjeld fellesskapsbygningar, som ofte er organisasjonseigde kulturhus, er desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg og Kulturrom viktige statlege tilskotsordningar. Av nasjonale stiftingar, i tillegg til Gjensidigestiftelsen, bør også stiftinga UNI nemnast.

Frivillige organisasjonar

Vi er takksame for at Riksantikvaren anerkjenner Noregs Ungdomslag som mogleg samarbeidspartnarar, men under deltema 2, i kapittelet som omhandlar Felleskapsbygningar (Interessentar og aktørar) bør Huset i Bygda nemnast som aktør.

Som nasjonal ressurs for organisasjonseigde kulturhus, arbeider Huset i Bygda for å styrke kunnskapen om desse bygga, fremje tydelegare statlege føringar, utvikle møtestader og lage rettleiingsverktøy for kulturhuseigarar. Huset i Bygda er òg engasjert i utviklingsprosjekt, m.a. har vi utvikla kartleggingsskjema for tilstandsregistrering av organisasjonseigde kulturhus. Huset i Bygda er viktig samarbeidspartner for å sikre at bygga kan tilpassast moderne bruk utan at dei historiske kvalitetane blir skadelidande.

Romleg avgrensing

Mange av dei organisasjonseigde kulturhusa (fellesskapanes bygg) er plasserte i utkanten av sentrumsbusetnaden. Det er viktig at strategien ikkje får ein for rigid romleg avgrensing som ekskluderer desse husa frå strategien og eventuelt seinare tilskotsordningar som spring ut frå strategien.

For geografisk oversikt over husa, viser vi til husdatabasen til Huset i Bygda:
<https://storymaps.arcgis.com/stories/e51e1e25cb894d37a2200ada1bcfd3fe>

Immateriell kulturarv

I bevaringsstrategien er Riksantikvaren først og fremst opptatt av den materielle kulturarven, sjølv om direktoratet anerkjenner at det er mange viktige samanhengar mellom materiell og immateriell kultur. Strategien trekk òg fram at dette kan vere viktige arenaer for å overlevere immateriell kunnskap. Likevel vidarefører Riksantikvaren i strategien etter vårt syn eit skilje mellom materiell og immateriell kulturarv.

Vi meiner det er vanskeleg å skilje deltema som handlar om identitet, sær preg, møtestadar og der vi bur, frå den immaterielle dimensjonen ved kulturarven. Skal vi skape forståing for materielle kulturminne må vi òg ta med oss den immaterielle bruken desse kulturminna representerer. Ikkje minst er fokus på den immaterielle kulturarven heilt essensielt om vi skal nå dei statlege måla om engasjement, berekraft og mangfold.

Transformasjon av eksisterande bygg vil ofte medføre endringar eller inngrep i bygg eller bystrukturar. Sjølv om dette normalt vil vere ein betre løysing enn riving, må likevel



ivaretaking av kulturmiljøet sinn opphavlege funksjon stå i fokus før ein vurderer andre alternativ.

Bruk og ivaretaking av organisasjonseigde kulturhus handlar i stor grad om å vidareføre den immateriell kulturarven. Majoriteten av våre lokallag eig eigne hus og det er lokallaga sin innsats for å halde i hevd levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap – i husa, som gjer at Noregs Ungdomslag er akkreditert ikkje-statleg organisasjon i UNESCO. Med over 5000 organisasjonseigde kulturhus i Norge, er dette svært viktige arenaer for overføring av tradisjonar og tradisjonell kunnskap.

Etter vårt syn bør strategien difor anerkjenne og løfte fram arbeidet med levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap. Dette vil medverke til eit kollektivt løft for både det frivillige kulturlivet og kulturmiljøsektoren som heilskap i bygd og bymiljø, og vil styrke strategien sin relevans.

Avsluttande kommentar

Så vidt vi kan sjå er alle bevaringsstrategiane til Riksantikvaren på bokmål. Noregs Ungdomslag minner om språklova og statleg forplikting til å nytte begge målformer. Noregs Ungdomslag har difor ein forventing om strategien for bygder og byar sine kulturmiljø vert lansert på nynorsk.

Til slutt vil vi ønskje Riksantikvaren lukke til med arbeidet med bevaringsstrategien for bygder og byar.

Med beste helsing

Noregs Ungdomslag

Magni Hjertenes Flyum

Generalsekretær

Vedlegg:

Huset i Bygda ein kulturarena der du bur